

Møteprotokoll

Utval:	Kompetanse- og næringsutvalet
Møtestad:	Spjelkavik videregående skole, Nedre Langhaugen 32 , 6011 Ålesund
Dato:	11.06.2026
Tid:	kl 10:30 - 12:50

Faste medlemer som møtte:

Geir Asle Stenseth

Bente Bruun

Lovise Nikoline Voldsund

Knut Erik Engh

Trygve Grydeland

Line Hatmosø Hoem

Jens Aklestad

Eirin Andersen Gravem

Dordi Bokstasp Lerum

Per Ivar Lied

Silje Alise Ness

Inge Aukan

Funksjon

Leiar

Nestleiar

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Representerer

FRP

H

FRP

FRP

H

AP

AP

AP

SP

SP

UAVH

KRF

Forfall

Representerer

Varamedlem

Representerer

Kari Grindvik

V

Dorte Klokk Indrebø

KRF

Frå sekretariatet:

Robert Løvik

seksjonsleiar

Til innkallinga:

Ingen merknad til innkallinga.

Til saklista:

Saklista blei godkjent.

Program:

- 10.30 Orientering og omvisning Spjelkavika vgs og Spjelkavik Arena
- 11.15 Markering av 25-års jubileum for Ungt Entreprenørskap
- 12.00 Saksbehandling

Orientering v/kompetanse- og næringsdirektør Erik Brekken

Elevrepresentanter og tilsettere representanter får møte og talerett i sak 33/26.

Inge Aukan (KRF) hadde permisjon under saksbehandlingen – 12 voterande

Saksliste

Saksnr	Sakstittel	Ikkje offentleg
PS-28/26	Tilskot til utviklingsprogrammet Hustadvika 2040	
PS-29/26	Driftstilskot til høgare yrkesfagleg utdanning i 2027- formål og prioriteringar	
PS-30/26	Søknadar om støtte til studiesenter Møre og Romsdal	
PS-31/26	Marint miljørings- og verdiskapingsfond – vurdering av framtidig innretning og forslag til nye retningslinjer	
PS-32/26	Grøn omstilling og berekraftig verdiskapning	
PS-33/26	Lokalisering av naturbruk ved Ålesund vgs	
RS-05/26	Høyring - Forslag til endring i opplæringsforskrifta om at det ikkje skal reknast som fråvær frå opplæringa når elevane er hos skolehelsetenesta	
RS-06/26	Høring - forslag til endringer i opplæringsloven og privatskoleloven om adgang til å pålegge opplæring utenfor egen gruppe for en begrenset periode	
SPU-	Spørsmål	
GP-	Godkjenning av protokoll	

PS 28/26 Tilskot til utviklingsprogrammet Hustadvika 2040

Kompetanse- og næringsutvalet 11.06.2026

Vedtak:

Møre og Romsdal fylkeskommune løyver eit tilskot på inntil 3 mill. kroner frå Tiltaksfondet, ramme 59 i økonomiplanen, til Hustadvika kommune for oppstart av prosjektet Hustadvika 2040 i åra 2026-2027.

Tilskotet er gitt på vilkår av fullfinansiering, og er avgrensa til 50 prosent av ein godkjent totalkostnad på til saman 6 mill. kroner for prosjektåra 2026 og 2027.

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 12 stemmer (100%) - AP 3, FRP 3, H 2, KRF 1, SP 2, UAVH 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Møre og Romsdal fylkeskommune løyver eit tilskot på inntil 3 mill. kroner frå Tiltaksfondet, ramme 59 i økonomiplanen, til Hustadvika kommune for oppstart av prosjektet Hustadvika 2040 i åra 2026-2027.

Tilskotet er gitt på vilkår av fullfinansiering, og er avgrensa til 50 prosent av ein godkjent totalkostnad på til saman 6 mill. kroner for prosjektåra 2026 og 2027.

PS 29/26 Driftstilskot til høgare yrkesfagleg utdanning i 2027- formål og prioriteringar

Kompetanse- og næringsutvalet 11.06.2026

Tilråding:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune skal forvalte tilskotsordninga for driftstilskot til fagskolar i tråd med nye nasjonale retningslinjer, med overgang til rammetildeling frå og med budsjettåret 2027.
 2. Formålet med driftstilskotet til høgare yrkesfagleg utdanning skal vere å møte arbeidslivet sitt behov for kompetanse i Møre og Romsdal.
 3. Utdanningar innan følgjande fagområde vert prioriterte for oppstart hausten 2027 (i tilfeldig rekkefølge):
 - helse- og velferdsfag
 - tekniske fag
 - maritime fag
 - tryggleik og beredskap
- Fylkeskommunedirektøren får mynde til å tildele driftstilskot til andre fagområde enn dei som er omtalte dersom samfunnsmessige endringar skulle tilseie det.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune vil prioritere fagskolar som er fysisk til stades i Møre og Romsdal, som bidreg til jamleg kontakt og dialog med arbeidslivet om kompetansebehov, og som tilbyr fleksible og desentraliserte tilbod.
 5. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å fastsette særskilde vilkår i tilskotsbrev til den enkelte fagskole, i tråd med nasjonale føringar og regionale planar og strategiar.
 6. Ved fordeling av tilskot skal det takast omsyn til dokumenterte kompetansebehov i arbeidslivet og skilnader i kostnadsnivå mellom ulike utdanningstilbod.

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 12 stemmer (100%) - AP 3, FRP 3, H 2, KRF 1, SP 2, UAVH 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune skal forvalte tilskotsordninga for driftstilskot til fagskolar i tråd med nye nasjonale retningslinjer, med overgang til rammetildeling frå og med budsjettåret 2027.
2. Formålet med driftstilskotet til høgare yrkesfagleg utdanning skal vere å møte arbeidslivet sitt behov for kompetanse i Møre og Romsdal.
3. Utdanningar innan følgjande fagområde vert prioriterte for oppstart hausten 2027 (i tilfeldig rekkefølge):
 - helse- og velferdsfag
 - tekniske fag
 - maritime fag
 - tryggleik og beredskap

Fylkeskommunedirektøren får mynde til å tildele driftstilskot til andre fagområde enn dei som er omtalte dersom samfunnsmessige endringar skulle tilseie det.

4. Møre og Romsdal fylkeskommune vil prioritere fagskolar som er fysisk til stades i Møre og Romsdal, som bidreg til jamleg kontakt og dialog med arbeidslivet om kompetansebehov, og som tilbyr fleksible og desentraliserte tilbod.
5. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å fastsette særskilde vilkår i tilskotsbrev til den enkelte fagskole, i tråd med nasjonale føringar og regionale planar og strategiar.
6. Ved fordeling av tilskot skal det takast omsyn til dokumenterte kompetansebehov i arbeidslivet og skilnader i kostnadsnivå mellom ulike utdanningstilbod.

PS 30/26 Søknadar om støtte til studiesenter Møre og Romsdal

Kompetanse- og næringsutvalet 11.06.2026

Vedtak:

1. Fylkeskommunen tildeler 2,3 millionar kroner frå ramme 553.60, kompetanse og arbeidskraft i distrikta, til Sykkylven næringsutvikling til prosjektet Studiesenter Sunnmøre for perioden 2026-2027. Støtte frå fylkeskommunen er under føresetnad om fullfinansering og ein godkjent kostnads- og finanseringsplan.
2. Fylkeskommunen tildeler inntil 420 000 kroner frå ramme 553.60, kompetanse og arbeidskraft i distrikta, til Inviro AS til prosjektet StudieHUB Søre Sunnmøre. Tilsagn frå

fylkeskommunen er under føresetnad om fullfinansering og ein godkjent kostnads- og finanseringsplan.

3. De 3 søknadene som er innstilt til avslag får ny behandling, da det er uklart om at all informasjon er kommet utvalget til vitende.

Studiesenter bør prioriteres etablert i alle regioner i fylket

Behandling

Sak 30/26 Studiesenter, foreslått av Geir Asle Stenseth, Fremskrittspartiet

EF - 30/26 Søknad om støtte til studiesenter Møre og Romsdal

Alternativt forslag til punkt 3.

De 3 søknadene som er innstilt til avslag får ny behandling, da det er uklart om at all informasjon er kommet utvalget til vitende.

Forslaget blei seinare trekt.

tillegg, foreslått av Line Hatmosø Hoem, Arbeiderpartiet

- Midler til studiesenter som står igjen blir utlyst på nytt snarest mulig slik at søknader som er i tråd med formålet men hadde mangler kan søke på nytt

-studiesenter bør prioriteres etablert i alle regioner i fylket

Forslaget blei seinare trekt.

Endringsforslag punkt 3, foreslått av Line Hatmosø Hoem, Arbeiderpartiet

Alternativt forslag til punkt 3.

De 3 søknadene som er innstilt til avslag får ny behandling, da det er uklart om at all informasjon er kommet utvalget til vitende.

Studiesenter bør prioriteres etablert i alle regioner i fylket

Votering nr 1 - Votering over punkter

Punkt: **Innstillinga pkt 1 og 2**

For: 12 stemmer (100%) - AP 3, FRP 3, H 2, KRF 1, SP 2, UAVH 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 0 stemmer (0%)

EF - Endringsforslag punkt 3: 12 stemmer (100%) - AP 3, FRP 3, H 2, KRF 1, SP 2, UAVH 1
Line Hatmosø Hoem (AP), Andre parti: FRP, H, SP, UAVH

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Fylkeskommunen tildeler 2,3 millionar kroner frå ramme 553.60, kompetanse og arbeidskraft i distrikta, til Sykkylven næringsutvikling til prosjektet Studiesenter Sunnmøre for perioden 2026-2027. Støtte frå fylkeskommunen er under føresetnad om fullfinansering og ein godkjent kostnads- og finanseringsplan.
2. Fylkeskommunen tildeler inntil 420 000 kroner frå ramme 553.60, kompetanse og arbeidskraft i distrikta, til Inviro AS til prosjektet StudieHUB Søre Sunnmøre. Tilsagn frå fylkeskommunen er under føresetnad om fullfinansering og ein godkjent kostnads- og finanseringsplan.
3. Fylkeskommunen avslår søknadane frå:
 - a. Havskue opplæringscenter AS
 - b. Hydro Aluminium Sunndal AS
 - c. Høgskolesenteret i Kristiansund AS

PS 31/26 Marint miljørisk- og verdiskapingsfond – vurdering av framtidig innretning og forslag til nye retningslinjer

Kompetanse- og næringsutvalet 11.06.2026

Vedtak:

1. Kompetanse- og næringsutvalet vedtek retningslinjene og rammene for ny tilskotsordning. Den nye tilskotsordninga erstattar tidlegare marint miljørisk- og verdiskapingsfond.
2. Tilskotsordninga får namnet: Blå verdiskapingsordning Møre og Romsdal.

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 12 stemmer (100%) - AP 3, FRP 3, H 2, KRF 1, SP 2, UAVH 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Kompetanse- og næringsutvalet vedtek retningslinjene og rammene for ny tilskotsordning. Den nye tilskotsordninga erstattar tidlegare marint miljøsikrings- og verdiskapingsfond.
2. Tilskotsordninga får namnet: Blå verdiskapingsordning Møre og Romsdal.

PS 32/26 Grøn omstilling og berekraftig verdiskapning

Kompetanse- og næringsutvalet 11.06.2026

Vedtak:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune løyver eit tilskot på totalt 2 250 000 kroner, fordelt på følgjande søknader:

Søkar	Prosjekt	Tilskot
ÅKP AS	Forprosjekt Havkatapult- utvikle kunnskapsgrunnlag for etablering	400 000
iKuben	Grønn omstilling - bærekraftig stål	1 250 000
SØR-NORGES FISKARLAG	Bærekraftig utnyttelse av pigghå som bifangst i kystfisket i Møre og Romsdal	600 000
	Totalt	2 250 000

2. Tilskot vert finansiert med 2 250 000 kroner frå Tiltaksfondet, ramme 59 i økonomiplanen. Alle tilskot er avgrensa til maks 50 prosent av godkjent kostnadsoverslag, og er gitt på vilkår av fullfinansiering.

3. Søknad frå ÅKP AS om Pilot for maritim forsvarsakselerator får avslag.

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 12 stemmer (100%) - AP 3, FRP 3, H 2, KRF 1, SP 2, UAVH 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune løyver eit tilskot på totalt 2 250 000 kroner, fordelt på følgjande søknader:

Søkar	Prosjekt	Tilskot
ÅKP AS	Forprosjekt Havkatapult- utvikle kunnskapsgrunnlag for etablering	400 000
iKuben	Grønn omstilling - bærekraftig stål	1 250 000
SØR-NORGES FISKARLAG	Bærekraftig utnyttelse av pigghå som bifangst i kystfisket i Møre og Romsdal	600 000
	Totalt	2 250 000

2. Tilskot vert finansiert med 2 250 000 kroner frå Tiltaksfondet, ramme 59 i økonomiplanen. Alle tilskot er avgrensa til maks 50 prosent av godkjent kostnadsoverslag, og er gitt på vilkår av fullfinansiering.

3. Søknad frå ÅKP AS om Pilot for maritim forsvarsakselerator får avslag.

PS 33/26 Lokalisering av naturbruk ved Ålesund vgs

Kompetanse- og næringsutvalet 11.06.2026

Vedtak:

1. Naturbruk ved Ålesund videregående skole videreføres ved Volsdalsberga frem til resten av skoledriften flyttes fra området.
2. Det skal kun gjennomføres høyst nødvendige tiltak og vedlikeholdsarbeider for å sikre forsvarlig drift og ivareta sikkerheten i perioden.
3. Fylkeskommunedirektøren skal innen utgangen av 2027 legge frem egen sak om lokalisering av undervisningsbåten som skal leveres i 2028, inkludert forslag til kaiplass og nødvendige tiltak for å sikre at båten kan tas i bruk ved levering.

Begrunnelse

Naturbruk har funksjonelle undervisnings- og praksisarealer ved Volsdalsberga, og en videreføring av tilbudet vil gi stabile og forutsigbare rammer for elever og ansatte. Samtidig vurderes det som lite hensiktsmessig å gjennomføre en flytting når Volsdalsberga etter dagens planer kan være i bruk frem mot 2032/2033.

Utvalget mener derfor at driften bør videreføres ved Volsdalsberga, samtidig som man avviser større investeringer i et anlegg som uansett skal avvikles på sikt. Det gjennomføres kun nødvendige tiltak i bygg og anlegg.

Spørsmålet om lokalisering av den nye undervisningsbåten må avklares i god tid før levering i 2028.

Behandling

Sak - 33/26 Lokalisering av naturbruk ved Ålesund vgs , foreslått av Geir Asle Stenseth, Fremskrittspartiet

1. Naturbruk ved Ålesund videregående skole videreføres ved Volsdalsberga frem til resten av skoledriften flyttes fra området.
2. Det skal kun gjennomføres høyst nødvendige tiltak og vedlikeholdsarbeider for å sikre forsvarlig drift og ivareta sikkerheten i perioden.
3. Fylkeskommunedirektøren skal innen utgangen av 2027 legge frem egen sak om lokalisering av undervisningsbåten som skal leveres i 2028, inkludert forslag til kaiplass og nødvendige tiltak for å sikre at båten kan tas i bruk ved levering.

Begrunnelse

Naturbruk har funksjonelle undervisnings- og praksisarealer ved Volsdalsberga, og en videreføring av tilbudet vil gi stabile og forutsigbare rammer for elever og ansatte. Samtidig vurderes det som lite hensiktsmessig å gjennomføre en flytting når Volsdalsberga etter dagens planer kan være i bruk frem mot 2032/2033.

Utvalget mener derfor at driften bør videreføres ved Volsdalsberga, samtidig som man avviser større investeringer i et anlegg som uansett skal avvikles på sikt. Det gjennomføres kun nødvendige tiltak i bygg og anlegg.

Spørsmålet om lokalisering av den nye undervisningsbåten må avklares i god tid før levering i 2028.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 0 stemmer (0%)

EF - Sak - 33/26 Lokalisering av naturbruk ved Ålesund vgs : 12 stemmer (100%) - AP 3, FRP 3, H 2, KRF 1, SP 2, UAVH 1

Geir Asle Stenseth (FRP), Andre parti: AP, H, KRF, SP, UAVH

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Vurderinga i saka viser at å behalde naturbruk ved Volsdalsberga vil medføre investeringar i bygg og anlegg som det er vedteke å flytte ut av. Arbeidet med å kartlegge aktuelle praksislokale og framforhandle leigeavtale skal halde fram, slik at Naturbruk kan flyttast til Gangstøvika i samsvar med vedtak i sak U 82/15.

RS 05/26 Høyring - Forslag til endring i opplæringsforskrifta om at det ikkje skal reknast som fråvær frå opplæringa når elevane er hos skolehelsetenesta

Kompetanse- og næringsutvalet 11.06.2026

Behandling

Utvalet tok saka til orientering.

RS 06/26 Høring - forslag til endringer i opplæringsloven og privatskoleloven om adgang til å pålegge opplæring utenfor egen gruppe for en begrenset periode

Kompetanse- og næringsutvalet 11.06.2026

Behandling

Utvalet tok saka til orientering.

SPU Spørsmål

Kompetanse- og næringsutvalet 11.06.2026

Behandling

Spørsmål om gruppestorleikar i vidaregåande opplæring, foreslått av Dordi Boksasp Lerum, Senterpartiet

Bakgrunn

Lærarar ved fleire vidaregåande skular, både store og mellomstore, har teke kontakt og uttrykt uro for kvaliteten på opplæringa når undervisningsgruppene blir svært store. Ein lærar fortalde mellom anna at han underviser ei geografiklasse med 35 elevar. Ofte er han åleine med gruppa, og berre unntaksvis er det ein assistent til stades.

Lærarane seier at stadig meir av undervisningstida går med til å handtere støy og uro, og å drive med praktisk klasseleiing. Dette på bekostning av sjølvne læringa og undervisinga.

Det er lett å forstå at det kan vere krevjande å gi god og tilpassa opplæring, følgje opp kvar enkelt elev og sikre eit godt læringsmiljø når gruppene blir så store. Samstundes stiller

opplæringslova krav til både kvalitet, tilpassa opplæring og eit trygt og godt læringsmiljø for alle elevar.

Spørsmål

1. Kan Kompetanse- og næringsdirektøren gjere greie for kva gruppestorleikar som er vanlege i fellesfag og programfag på studiespesialiserande utdanningsprogram i Møre og Romsdal?
2. Kor store er dei største undervisningsgruppene i fylket innanfor desse faga?
3. Vurderer administrasjonen at dagens gruppestorleikar gir elevane ei opplæring som er i tråd med krava i opplæringslova om kvalitet og tilpassa opplæring?
4. Kva vurderingar vert gjort når gruppestorleikar vert fastsette, og finst det ei øvre grense for kva som blir vurdert som pedagogisk forsvarleg?

Framtidas videregående opplæring, foreslått av Bente Bruun, Høyre

Utdanningsdirektoratet er godt i gang med en omfattende skolereform for vgs som innebærer ny struktur og nytt innhold i studieforberedende opplæring samt fellesfagene i yrkesfaglige studieprogram.

Hvilke forberedelser bør fylket prioritere i 2026–2028 for å sikre at skolene har nødvendig kompetanse og kapasitet til å gjennomføre nytt studieforberedende innhold?

Gjentatt spørsmål Hustadvika, foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet

Eg har stilt dette spørsmålet før til næringsdirektøren, då venta han på svar frå Plan, er det kome svar: «Hustadvika kommune har lenge arbeidd med ny arealplan, og vil mellom anna bevare og utvikle næringsområda i Malmefjorden og Jendem som allereie er regulerte til næringsformål. Tilbakemeldinga frå fylkeskommunedirektøren er at Hustadvika har avsett for store areal til næring, at folketalsframskrivinga er negativ og at det derfor trengst mindre næringsareal. Fylkeskommunedirektøren har og krevd at Hustadvika gjennomfører ei handelsanalyse. Kvar kjem kravet om handelsanalyse frå, og er det politisk gjort vedtak om slikt krav? På kva grunnlag vil fylkeskommunen rette innsigelse mot desse næringsareala?»

Spørsmåla blei svart ut i møte.

GP Godkjenning av protokoll

Kompetanse- og næringsutvalet 11.06.2026

Vedtak:

Utvalet gikk gjennom protokollen som vart samrøystes godkjend i møtet.

Behandling